

## **Merknad til Kommuneplan for Meland Arealdel 2015-2025.**

### Areal til jordeponi.

Det er berre sett av eit område til jordeponi i planen, det omstridde deponiet i Hoplandsdalen.

MDG ønskjer at planen heller set av fleire mindre areal til jordeponi, i tilknytning til dyrka mark eller anna LNF regulert område slik at jorddeponering kan bidra til auka jordbruksareal/nydyrking.

### Biotopen «myr».

MDG ønskjer at det vert gjort ei registrering av myrareaala i kommunen med sikte på å finna fram til særleg bevaringsverdige myrareal i vår kommune. Biotopen «myr» er i sterk reduksjon nasjonalt, og vil vera ekstra sterk truga i ein kommune som vår med sterkt utbyggingspress. Utbygginga langs Mjåtveitelva har gitt døme på uheldige skader av myr.

Biotopen «myr» som lager for CO<sub>2</sub>, magasinering av flomvatn og biotop for biologisk artsrikdom blir viktigare å ta vare på i ei framtid prega av meir ekstremver og ein auka folkesetnad med stadig sterkare press på naturen.

MDG i Meland,

v/Leif Johnsen,  
leiar.